



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 09.04.2026
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: kl 13.00 - 13.15

Møtedeltakrar	Parti
Gaute Hauge	AP
Leif Magne Kleppa	H
Torunn Munthe	H
Ståle Halsne	KrF
Anita Husøy Riskedal	SP
Arthur Fjeldheim Egeland	SP
Dagfinn Svadberg Hatløy	SP
Solveig Romsø Øye	SP

Forfall meldt frå følgjande	Parti
Anna Lena Kleppa	SP

Følgjande varamedlemmar møtte	Parti
Frode Riskedal	SP

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel
041/26	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
042/26	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
043/26	REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER
044/26	Tilskot havbrukskonferansen AquaNext 2026
045/26	Sak om endring av vassdragsreguleringslova og vassfallsrettslova (felles konsesjonskraftpris) - Høyringsuttale Hjelmeland kommune

041/26: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

09.04.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samøystes vedteke

FSK - 041/26 **Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

042/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Forslag til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

09.04.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 042/26 **Vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

043/26: REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER

Sakene tas til orientering.

09.04.2026 Formannskapet

Behandling:

Kommunedirektøren orienterte kort om ROP-bustadar:

- Kommunen har hatt ute eit anbod. Det kom inn tre tilbod, kor ein av tilbydarane er aktuell. Aktuell tilbydar er framleis dyrare enn budsjettet, men kr 800 000 kan takast frå andre investeringsprosjekt, og justerast i budsjett i samband med tertialen Ny pris for totalentreprisen vert 6,1 mill.

Ståle Halsne, KrF:

- Stilte spørsmål om ambulansesentralen: Er det noko framdrift i saka?
Svar: Kommunen ser på ulike alternativ og har fått laga eit forslag med samlokalisering med brann, på Puntsnes, men saka er ikkje avgjort enno

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 043/26 **Vedtak:**

Saka tas til orientering.

044/26: Tilskot havbrukskonferansen AquaNext 2026

Forslag til vedtak

1. Hjelmeland kommune gir eit tilskot på kr 50 000 til AquaNext 2026
2. Tilskotet blir dekkja av ansvar 1002 - "Næring" 14.700 "Overføring til andre"

09.04.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samøystes vedteke

FSK - 044/26 **Vedtak:**

1. Hjelmeland kommune gir eit tilskot på kr 50 000 til AquaNext 2026
2. Tilskotet blir dekkja av ansvar 1002 - "Næring" 14.700 "Overføring til andre"

045/26: Sak om endring av vassdragsreguleringslova og vassfallsrettslova (felles konsesjonskraftpris) - Høyringsuttale Hjelmeland kommune

Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune gir følgjande høyringssuttale:

Hjelmeland kommune viser til høyringsnotat frå Energidepartementet om endringar i regelverket for konsesjonskraftpris.

Hjelmeland kommune er vertskommune for vasskraftproduksjon og mottakar av konsesjonskraft for konsesjonar gitt både før og etter 10. april 1959.

Hjelmeland kommune støtter opp om høyringsuttale frå Landssamanslutninga av vasskraftkommunar, utan merknader.

09.04.2026 Formannskapet

Behandling:

Endringsforslag, foreslått av Anita Husøy Riskedal, Senterpartiet

Hjelmeland kommune gir følgjande høyringssuttale:

Hjelmeland kommune viser til høyringsnotat frå Energidepartementet (ED) om endringar i regelverket for konsesjonskraftpris, og er kjend med at ED sitt forslag har som føremål å styrke grunnlaget for lokal tilslutning til ny kraftutbygging.

Hjelmeland kommune er vertskommune for vasskraftproduksjon og mottakar av konsesjonskraft for konsesjonar gitt både før og etter 10. april 1959, og støttar ei samanslåing av dei to prisregimene slik det går fram av lovforslaget.

Hjelmeland kommune støtter elles opp om høyringsuttalen frå Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK), og vil understreke viktigheita av at dagens modell for sjølvkostberekning vert vidareført for å oppnå Regjeringa si målsetjing om lokal tilslutning til ny kraftutbygging. Dersom kostnadane ved opprustings- og utvidingsprosjekt, som i liten grad angår konsesjonskrafta skal leggst på sjølvkostprisen, vil ein oppnå det motsette av kva som er intensjonen bak høyringsforslaget.

Røysting:

Opprinneleg forslag vart sett opp mot forslag

Endringsforslag frå A. Riskedal, SP: Samrøystes vedteke

FSK - 045/26 Vedtak:

Hjelmeland kommune gir følgjande høyringssuttale:

Hjelmeland kommune viser til høyringsnotat frå Energidepartementet (ED) om endringar i regelverket for konsesjonskraftpris, og er kjend med at ED sitt forslag har som føremål å styrke grunnlaget for lokal tilslutning til ny kraftutbygging.

Hjelmeland kommune er vertskommune for vasskraftproduksjon og mottakar av konsesjonskraft for konsesjonar gitt både før og etter 10. april 1959, og støttar ei samanslåing av dei to prisregimene slik det går fram av lovforslaget.

Hjelmeland kommune støtter elles opp om høyringsuttalen frå Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK), og vil understreke viktigheita av at dagens modell for sjølvkostberekning vert vidareført for å oppnå Regjeringa si målsetjing om lokal tilslutning til ny kraftutbygging. Dersom kostnadane ved opprustings- og utvidingsprosjekt, som i liten grad angår konsesjonskrafta skal leggst på sjølvkostprisen, vil ein oppnå det motsette av kva som er intensjonen bak høyringsforslaget.

